

## Innspel til NVE etter befaring Røldal - Votna - Valdalen

Eg vil først takke for befaringa, og for at NVE stilte mannsterke. At direktør Kjetil Lund sjølv møtte opp, viser at saka har stor nasjonal betydning.

### Oppleving av befaringa

Eg stussa ved at Hydro Lyse stilte med over ti representantar i sjølvlysande jakker, utan å ha noko særleg å seie. For meg framstod dette som eit maktsignal – ein hersketeknikk. I ei slik ramme er det svært vanskeleg for bygdefolk å ta ordet.

Eg trur ikkje NVE fullt ut fekk med seg kor splittande denne saka er i bygda, eller kor belastande ho er for eit lite lokalsamfunn. Under befaringa låg det ei uro i lufta, ei nerve, som berre kan sansast dersom ein kjenner samanhengen og kvardagslivet her.

### Sosial splitting og djupt ubehag

- Fleire bekjente stod i sjølvlysande jakke. Eg vil at arbeidsplassane skal gå til lokale innbyggjarar, men det set både meg og dei i ein vanskeleg situasjon når eg kritiserer arbeidsplassen dei har. Arbeidarane og familiene deira vert lojale medspelarar for regulanten
- Som lærar i Røldal har eg halde meg tilbake frå å diskutere problem som kraftutbygginga har ført med seg , - med kollegaer og elevar.  
Stortingsdebatten dok. 8-saka, burde alle elevane ha sett. Det kan trekkast linjer til naturfag, samfunnssfag, etikk... Det har aldri skjedd før at Røldal har ein times sending på TV. Men saka lagar frontar, nokon vil kjenna seg krenka, saka er for betent.

Dette viser korleis energisaka ikkje berre handlar om natur og kraft, men òg om tillit, relasjoner og korleis det er å bu og leve saman i ei lita bygd, så til dei grader prega av kraftutbygging.

### Sponsoring og bindingar

Regulanten er i kkje kjent for å gi ved dørene, men Hydro Lyse har i seinare tid vist stor «gjevarglede»:

- **Røldalsspelet** har fått tilhald på regulanten sitt område, med lovnad om permanent amfi dersom ny utbygging blir noko av. Er du del av dette fellesskapet, klagar du ikkje på regulanten.
- **Røde Kors** treng trygg Valdalsis dersom dei skal redda folk på Vestvidda. Nyleg fekk dei nytt lagshus – noko dei lenge har hatt behov for.

- **Bygdalaget** fekk nyleg 200 000 kroner, etter tidlegare avslag. Dette skjedde rett før befaringa.
- **Idrettslaget**, der eg sjølv har vore medlem sidan 1983 og tidlegare leiar, har no kraftverksjefen som leiar. Fleire i styret har jobb eller bindingar til Hydro Lyse. Då er det ikkje overraskande at laget ikkje sende inn kritiske innspel om at «Den ultimate skituren» forsvinn dersom Votna blir ytterlegare utbygd.

Alt dette legg lokk på problemstillingane, og det skapar eit klima der mange ikkje kan eller orkar å engasjere seg. For Røldal er saka blitt eit traume. Viktige opplysningar og andre forhold enn dei eg har nemt kjem aldri fram på befaring eller skriftleg, saka er for sensitiv. Bygdeolket skal fortsetje å omgås etterat NVE har reist, etterat at NVE har gjort sine slutningar.

## **Oppmoding til NVE**

Naturinngrep, miljøskadar, tilkomstproblem og sosiale gnisningar kan ikkje løysast gjennom sponsing eller gåver. Dei kan berre løysast ved å ta tak i sjølve rotårsaka – dei omfattande inngrepa og nye planane om utbygging.

Eg ber derfor NVE:

- Sjå på dei psykososiale konsekvensane i bygda som like viktige som dei naturfaglege.
- Forstå at denne saka har skapt splitting, tap av tillit og djupt ubehag.
- Vere varsam med å forverre situasjonen gjennom å opne for nye inngrep.

Eg oppmodar NVE til å hjelpe oss å handtere dei store problema som energiutbygging alt har skapt – og som vil bli forverra dersom nye utbyggingar vert godkjende.

Røldal 11.09.25

Med helsing Åse Mathisen Rabbe